

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 23.03.18
SAKSHANDSAMAR: Olav Klausen
SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda**

STYRESAK: 20/18

STYREMØTE: 04.04.18
1 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Rapport frá verksemda, februar 2018

Innhold

1	Økonomi	4
1.1	Økonomisk resultat	4
1.2	Investeringar	5
1.3	Likviditet	5
2	Aktivitet og kvalitet	6
2.1	Aktivitet	6
2.2	Kvalitet	7
2.2.1	Ventetid	7
2.2.2	Fristbrot	8
2.2.3	Epikrise	9
2.2.4	Pasienttryggleik	10
3	Utskrivningsklare pasientar	10
4	Medarbeidar	12
4.1	Bemanning	12
4.2	Sjukefråvær	12
5	HMS	13

Avdeling (1019H) Helse Fonna HF
 År-Mnd 201802

Økonomi
Aktivitet
HR
Venteliste

Avvik budsjett	2018-feb	Hittil i år
Salgs- og driftsinntekter	2 644	-187
Varekostnad (uten innleie)	-1 219	-1 582
Lønnskostnad (med innleie og bs)	-3 137	-817
Andre Driftskostnader	2 232	493
Netto finans	-373	-785
Korrigeringspensjonskostnader	3 061	6 122
Resultat	3 208	3 245

Månedsverk	2018-feb	Hittil i år	Hittil i fjor
Netto månedsverk	2 488,4	2510,8	2 493,4
Brutto månedsverk	2 916,6	2909,4	2 881,8





Sykefraværsprosent	2018-feb	Hittil i år
Kort tid	4,5	4,3
Lang tid	3,8	3,8
Totalt sykefravær	8,3	8,1

Aktivitet (Dynamisk)	2018-feb	Plan	Avvik %	Hittil i år	Plan Hittil	Avvik %
Sykehusopphold Døgn	2 185	2 310	↓ -5 %	4 577	4 825	↓ -5 %
Sykehusopphold Dag	823	885	↓ -7 %	1 807	1 935	↓ -7 %
Poliklinikk	17 467	18 047	↓ -3 %	38 049	37 371	↑ 2 %
Avdelingsopphold Døgn	2 323	2 504	↓ -7 %	4 917	5 235	↓ -6 %
Avdelingsopphold Dag	880	913	↓ -4 %	1 967	1 993	↓ -1 %

Venteliste	Ventende	Behandla
Gj.snitt ventetid	52,2	57,5
Antall Fristbrudd	39	57

Komidorpasienter	2018-feb	Hittil i år
Gj.snitt per dag	8,8	10,3
Antall pasienter	245	609


Langtidsventende	Ventende	Behandla
Langtidsventende (+365)	28	3
Langtidsventende (181-365)	150	32



1 Økonomi

1.1 Økonomisk resultat

Resultatet for perioden syner eit overskot på 1,153 MNOK mot eit budsjettert overskot på 4,361 MNOK. Dette gjev eit negativt budsjettavvik på 3,208 MNOK. Akkumulert er overskotet på 5,477 MNOK, som er 3,245 MNOK lågare enn budsjettert.



Negative resultatbidrag

Drg-aktiviteten innan somatikk både for døgn, dag og poliklinikk, har vore lågare i perioden og bidreg til eit negativt budsjettavvik for ISF-inntektene på 4,3 MNOK. Tilhøyrande personalkostnader innan somatikk visar eit overforbruk på både fastlønn og variabel lønn. Den underliggjande utfordringa som starta sommaren 2017 med lågare aktivitet og høgare personalkostnader innan somatikk, held fram nå i starten av 2018.

Overforbruket på andre driftskostnader må sjåast i samanheng med førre månads underforbruk.

Positive resultatbidrag

Varekostnaden er 1,219 MNOK lågare enn budsjettert. Dette kjem som eit resultat av både lågare aktivitet og lågare gjestepasientkostnader.

1.2 Investeringar

Prosjekt ny MR ved Haugesund sjukehus er i henhold til plan. MR maskinen ble montert 6 mars. Ferdigmontering av maskinen og slutføring av byggarbeidene er planlagt ferdig til påske. Det er mogleg at ein vil få eit mindre kostnadmessig overforbruk, men det vil ikkje bli avklart før prosjektet er ferdigstilt (ombyggingsarbeida er ikkje fastpris).


Føretaket har inngått ein kontrakt på rehabilitering av taket på Søsterheimen ved Valen sjukehus. Kontraktensprisen er i underkant av 6 millionar kroner. Oppdraget er planlag gjennomført våren/sommaren 2018.

Fleire prosjekt er ferdigstilt sidan årsskiftet og dei øvrige prosjekta er i henhold til gjeldande framdriftsplan.

Det er hittil å år gjennomført MTU-investeringer på 1,180 MNOK. ByggHaugesund2020 har ei investering på 10,052 MNOK hittil i år.

Investeringer 2018					
Bygg	Ramme	Brukt hittil i 2018	Prognose	Løpende prognose	Avvik ramme vs prognose
Brannoppgradering Stord	1 000	1	1 000	kr -	-
Reinvestering i Bygningar	14 535	34	14 535	kr -	-
Ombyggingar MTU installasjonar	4 000	2 289	4 000	kr -	-
Helse miljø og sikkerhetstiltak	500	-	500	kr -	-
Bygg Totalt	20 035	2 324	20 035	-	-
Tekniske anlegg					
Reinvestering i tekniske anlegg	13 335	278	13 335	kr -	-
Tekniske anlegg Totalt	13 335	278	13 335		
Medisinsk teknisk utstyr					
Investeringer påbegynt i 2017, men som avsluttes i 2018	21 500	256	21 500	kr -	-
Enkeltkjøp under 5 mill	25 000	924	25 000	kr -	-
Medisinsk teknisk utstyr Totalt	46 500	1 180	46 500	-	-
PROSJEKT BYGG 2020					
Forprosjekt Bygg2020	200 000	10 052	200 000	kr -	-
PROSJEKT BYGG 2020 Totalt	200 000	10 052	200 000	-	-
Andre investeringer					
Ambulansar og administrative kjøretøy	6 500	404	6 500	kr -	-
Anna utstyr	2 430	168	2 430	kr -	-
Andre investeringer Totalt	8 930	572	8 930	-	-
Investeringer 2018	288 800	14 406	288 800		-

1.3 Likviditet



2 Aktivitet og kvalitet

2.1 Aktivitet

Poliklinisk og ambulant aktivitet i Klinikk for Psykisk helsevern er på plan for årets to første måneder. Aktivitet i den einsskilde poliklinikk vert fulgt opp tett i rapporteringsmøte. Sentrale tiltak for å sikre god aktivitet i poliklinikk er knytta til «Alle møter» og «Fleksibel timebok». Konkret arbeider ein med å redusere andel ikkje-møtt samt sikre god utnytting av den einsskilde medarbeider si arbeidstid med fokus på pasientarbeid.

I somatisk klinikk Stord, ligg døgnopphald 3% (17 opphald) bak plan. For dagopphald, samla medisinsk og kirurgisk, ligg ein akkurat på plan. I februar månad er det utført færre polikliniske konsultasjonar enn planlagt, hittil i 2018 er det likevel som planlagt. Klinikken tok i veke 9 i bruk ny kurveløysning (Meona) på alle einingar. Både opplæring i forkant og sjølve oppstarten har vore vellukka, men det har samla sett medverka til noko avgrensa kapasitet.

I Kirurgisk klinikk, Haugesund sjukehus er døgnopphalda 6% høgare enn planlagt. Dagopphalda er 4% bak plan medan talet på polikliniske konsultasjonar var 2% over det planlagde. 85 fleire pasientar fekk time på poliklinikken i februar. Seksjonane har god planleggingsaktivitet for elektive pasientar og har sett av faste timar til dei pasienta som kjem meir uanmeldt. Det gjeld både kreftpasientar og andre augeblikkeleghjelp pasientar som treng hjelp på poliklinikkane.

I Medisinsk klinikk har aktiviteten vore lågare enn planlagt. 3% lågare for døgnopphald, 25% lågare for dagopphald og 4% lågare i poliklinikkane. Odda sjukehus utpeikar seg med låg aktivitet. Heile 16% lågare døgnopphald. Det har vore 95% belegg i sengane i Haugesund og 54% belegg i Odda. Avdelingane ved Haugesund sjukehus har hatt lågare dagopphald. Høgt sjukefråvær er ein av årsaka til lågare poliklinikkaktivitet. Det kan sjå ut som influensaen har slått ut både personell og pasientar. Klinikken har hatt ein gjennomgang av målsettinga i «Alle møter» og fordelingsrutinar ved overbelegg. Det er gjort nokre systematiske endringar.

2.2 Kvalitet

2.2.1 Ventetid

Ventetid behandla er innanfor regionale målkrav for BUP Stord, men ikkje for BUP Haugesund. I forhold til nasjonale målkrav er både BUP Stord og BUP Haugesund innanfor målkrava. Det er iverksatt prosess for å betre pasientflyt og sikre kortare ventetid ved BUP Haugesund. Konkret er det planlagt ein omorganisering av tenstene frå spesialiserte team til geografisk inndelte allmenpsykiatriske poliklinikker samt innføring av forenkla basisutgreiing. Effekt av tiltaka er forventa i løpet av 2 tertial 2018.

Når det gjeld TSB og VOP er ein innanfor dei regionale målkrava for ventetid behandla klinikken sett under eitt. HDPS innfrir ikkje dei regionale målkrava for VOP-feltet. Det er iverksatt tiltak i form av rekruttering i ledige stillingar samt at ein ser på overføring av deler av opptaksområde åt HDPS til andre DPS med betre kapasitet. Tiltak i «Alle møter» vert vidareført.

Samla ventetid for Somatisk klinikk Stord, har vore stabilt lågare siste halvår. Denne trenden held fram også i 2018. I februar er samla ventetid på 45,8 dagar. Det er medisinske fagfelt som har dei høgaste ventetidene, i februar viser den 58,7 dagar. Klinikken har 6 ventande over 356 dagar og 5 ventande 181-365 dagar. Dette vert følgd opp fortløpande.

I Kirurgisk klinikk er ventetid for behandla rett i overkant av 60 dagar. Dei ventande har ei gjennomsnittleg ventetid på 53 dagar. Dei såkalla småfaga innen kirurgi held ventetida godt under 60, med unntak av fertilitetsavdelinga som har ventetid for behandla på 91,2 dagar. Dei langtidsventande i klinikken (11) tilhøyrar fag under kirurgisk avdeling. Dette vert følgd opp fortløpande. Oppfølging av element i «Alle møter» programmet har vore vellykka i Kirurgisk klinikk. Auka rekruttering innan gynekologisk seksjon har og gitt resultat.

Medisinsk klinikk har 61,5 dagar i gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar. Barneavdelinga har lågare ventetid enn gjennomsnittet, medan Odda sjukehus har høgare ventetid. Pasientar som ventar har venta i gjennomsnitt 56,1 dagar. Klinikken har 6 pasientar som har venta over 1 år. Dette vert følgd opp fortløpande. I Medisinsk klinikk har det høge sjukefråværet (influensa) og anna ledighet i stillingar gitt utfordringar for den polikliniske verksemda.

2.2.2 Fristbrot

Klinikk for psykisk helsevern har ingen fristbrot i februar.

Somatisk klinikk Stord har over tid jobba systematisk med tiltak for å redusere fristbrot, dette viser også på resultatene. Førrige månad var det 1 fristbrot, i februar er det 7 fristbrot for ventande og 24 for behandla. Klinikken følger opp tett både med tiltak og kontroll. Det er dei indremedisinske faga som har fristbrot i februar.

Kirurgisk klinikk har i februar 8 registrerte fristbrot for ventande. Diverre var det nokre feilregistreringar som ikkje blei rette opp før rapporten blei kjørd. Fagområder som ortopedi, gynekologi og auge har ingen fristbrot og har hatt ein slik trend gjennom fleire månader. God oppfølging av ventelister og planlegging av ressursar er suksessfaktora her. Det gjeld også for dei andre fagområda sjøl om de hadde nokre fristbrot i februar. Sjukdom og fråvær kan ta skulda for det. Klinikken har også 8 fristbrot for behandla i februar. Det lågaste talet på om lag 1 år.


Medisinsk klinikk har 17 fristbrot for ventande i februar og 25 fristbrot for behandla. 8 av fristbrota er ved barneseksjonen. Høgt sjukefråvær blant planleggingspersonellet i 2018 har saman med ledighet i barnelegestillingar vært medvirkande til det. Det er rekruttert inn nye legar frå april. Tiltak for å redusere sjukefråvær har kontinuerleg fokus. Dei øvrige fristbrota er på nevrologisk seksjon (3), Gastro (2) og Hemato/endo (4). Sistnevnte har hatt eit halvår med fråfall av behandlarar og har styrt verksemda med hjelp frå HUS og innleigevikar. Frå mai ser det ut som det blir normaldrift igjen med dei faste legane. Nevrologisk seksjon har lukkast med rekrutteringstiltak.

Somatisk klinikk Stord, har i februar i gjennomsnitt hatt 1,1 pasient på korridor pr. dag. Det er i stor grad ved medisinsk sengepost dette har skjedd. Medisinsk sengepost har hatt overbelgg ved fleire høve siste mnd. Klinikken har tiltak for å unngå både overbelegg og korridorpatientar, det er kontinuerleg forkus på utnytte total kapasitet i klinikken. Ved fleire høve, når det vert vurdert som medisinsk forsvarleg, så har medisinske pasientar lagt i ledige senger på kirurgisk sengepost. Obs senger i mottak er også godt utnyttta. Sammen med andre tiltak, har dette bidrege til at ikkje endå flerie har lagt på korridor. Mangel på einarom er den største enkeltårsaka til at pasientar ligg på korridor.

I Kirurgisk klinikk har det vore høg aktivtiet i februar. Talet på korridorpatientar er likevel lågare enn tidlegare. 0,8 pasientar har gjennomsnittleg lagt på korridor kvar dag.

I Medisinsk klinikk har i gjennomsnitt 5,9 pasientar opplevd å ligge på korridor kvar dag. Det har vore fleire pasientar med influensasymptomer, 161 døgn med utskrivningsklare pasientar og ei opphoping av pasientar i Haugesund som har vore årsak til dette. I tillegg har klinikken hatt fleire urolege og utagerende pasientar som har blitt skjerma frå andre pasientar. Flermansrom har vore nytta som enerom. Det har vore endring av opptaksgrenser mot Stord og Odda fleire gonger og observasjonsposten i Haugesund har vore reservert for medisinske pasientar. Det har også vore flytta ein del pasientar frå Medisinske sengepostar til dei kirurgiske. Klinikkdirektøren har hatt ei gjennomgang av rutinane for fordeling av pasientar og har stort fokus på den vidare oppfølging.

2.2.3 Epikrise



I februar var talet for epikrisar sendt innan 7 dagar på 81% totalt for Helse Fonna. Dette er ein liten oppgang frå førre månad. Kirurgisk klinikk ligg på same andel som førre månad med 77%. Medisinsk klinikk har ein andel på 77%, noko som er ein liten nedgang frå føre månad. Klinikk for psykisk helsevern og klinikk somatikk Stord har auka andel i februar med 89% og 87%.

2.2.4 Pasienttryggleik


Det er ein større andel av pasientane i Helse Fonna som er vurdert med tanke på risiko for fall, trykksår og ernæring (trygg pleie) i februar 2018 samanlikna med desember 2017 og januar 2018. I Helse Fonna var det tendens til fall i andel pasientar som var vurdert med tanke på trygg pleie frå oktober 2017 til januar 2018. Klinikkane har prioritert tema i oppfølgingsmøter med seksjonar og einingar, og kvalitetsmedarbeidar i føretaket gir støtte til forbetningsarbeid. Det er framleis for stor variasjon mellom einingar i føretaket.

Helse Fonna har god måloppnåing (over 95%) når det gjeld registrert bruk av WHO si sjekklister for Trygg kirurgi. Det er gjennomført ein internrevisjon på bruk av sjekklister hausten 2017. Klinikkane lagar oppfølgingsplanar for å sikre rett bruk av sjekklister.


Talet på registrerte kriseplaner i Psykisk helsevern er for lavt. Dette skuldast både manglande utarbeiding av kriseplan for pasientar og mangelfull registrering i EPJ systemet at slik plan er utarbeidd. Det vert arbeidd aktivt med å sikre at dei pasientane som er i behov av kriseplan får dette samt korrekt registrering i EPJ systemet for dei pasientane som har utarbeidd kriseplan.

3 Utskrivningsklare pasientar

Det har, både i januar og februar vore stort press på sengepostane i føretaket med mange pasientar som vart liggande utskrivningsklare i sjukehusa medan dei venta på eit tilbod frå heimkommunen. Talet på utskrivningsklare pasientar i februar var 98, det høgaste for denne månaden sidan Samhandlingsreformen tok til å verke i 2012. Pasientane låg også lenger, tilsaman 378 døgn, det vil seie at over 13 sengeplassari snitt blei nytta til utskrivningsklare pasientar i februar. Det er kommunane Haugesund, Stord og Karmøy som har dei fleste utskrivningsklare pasientane både i januar og i februar, om lag 75% av alle. Situasjonen har vore svært krevjande, og har også fått konsekvensar for planlagd verksemd. Det er gjennomført møter om utfordringa, og føretaket halder fram med å ha dialog med dei kommunane det gjeld.



Antall liggedøgn for utskrivningsklare pasientar



Utskrivningsklare pasientar

4 Medarbeidar

4.1 Bemanning

Brutto månadsverk hittil i år er 2.886. Dette er 4 fleire enn for same periode føregående år. For februar 2018 er brutto månadsverk 2.917.

Netto månadsverk hittil i år er 2.498. Dette er 5 fleire enn for same periode føregående år. For februar 2018 er netto månadsverk 2.457.

4.2 Sjukefråvær

Føretaket har eit registrert sjukefråvær på 8,3 prosent i februar, mot 7,5 prosent i februar 2017. Kortidsfråværet er 4,5 prosent og langtidsfråværet 3,8 prosent i februar 2018.

Korttidsfråværet har auka med 0,5 prosent og langtidsfråværet har auka med 0,3 prosent samanlikna med februar 2017.

I februar var eigenmeldt fråvær 1,8 prosent og sjukemeldt fråvær 6,5 prosent.

Hittil i år er sjukefråværet 8,1 prosent. Korttidsfråværet er 4,3 prosent og langtidsfråværet 3,8 prosent. Eigenmeldt er 1,7 prosent og sjukemeldt fråvær er 6,4 prosent hittil i år.

Følgjande klinikkar/omåde har høgast fråvær per februar 2018:

- Internservice området har eit sjukefråvær på 9,2 prosent (2,1 prosent eigenmeldt og 6,9 prosent sjukemeldt), mot 10,7 prosent februar 2017.
- Klinikk for psykisk helsevern har eit sjukefråvær på 9,0 prosent (1,9 prosent eigenmeldt og 7,1 prosent sjukemeldt), mot 8,9 prosent februar 2017.
- Klinikk somatikk Stord har eit sjukefråvær på 9,0 prosent (2,2 prosent eigenmeldt og 6,8 prosent sjukemeldt), mot 5,5 prosent februar 2017.

5 HMS

Uønska hendingar HMS/ansatteskarar i perioden

I februar 2018 er det meldt 173 saker som gjeld HMS eller tilsettskarar. Det er ein stor auke frå fjoråret, då det vart meldt 75 saker som omfatta HMS eller tilsettskarar. Dette handlar i hovudsak om betre meldekultur.

Uønska hendingar	Februar 2017	Februar 2018
Usortert (ikkje sakshandsama)	3	46
Med konsekvens	28	28
Utan konsekvens	44	99
SUM	75	173

Klinikk for psykisk helsevern melder flest saker - klinikken har 65 saker som gjeld HMS/tilsettskarar i februar.

Talet på saker som gjeld vald og truslar er aukande, med 76 saker i februar i år, mot 18 i fjor. I to av sakene er det meldt om uønska åtferd frå pårørande.

Vald og truslar	Februar 2017	Februar 2018
Vald	13	49
Truslar	5	27
SUM	18	76

Eksempel på saker i perioden:

- Fleire tilfelle av utagerande pasientar som truar personale
- Tilfelle av fysisk vald frå pasient mot personale, kor det i nokre høve var naudsynt med bistand frå politi
- 17 meldingar gjaldt arbeidslokaler med blant anna mangalande tilgang til skjermingsrom, som skapar uro i eininga og auka bruk av bemanning
- Stikkskarar